

PETTER JAKOB BJERVE:

Feilslegen politikk?

Analyse og vurdering av den makroøkonomiske politikken i 1986-1992¹

Ut frå omsynet til økonomisk vekst kan det hevdast at den makroøkonomiske politikken i tidsrommet 1986-1992 var for stram i dei første åra, at omlegginga til ein ekspansiv politikk kom noko for seint, at denne politikken ikkje var sterk nok og at grunnen til det først og fremst var fastkurspolitikken. Dei negative verknadene av tilstramma vart større enn venta og dei positive verknadene av ekspansjonspolitikken mindre enn venta, etter nasjonalbudsjettet å dømme.

Problemstilling og opplegg

Norge hadde i 1992 seks prosent lågare disponibel realinntekt enn i 1985, då eit maksimum vart nådd. Gjennom sju år hadde såleis det realøkonomiske grunnlaget for levestandarden gått vesentleg ned. Denne nedgangen er eit dramatisk brott med utviklinga tidlegare i etterkrigstida. Kva er årsakene til dette?

Eit enkelt svar kan ein finne ved å rekne ut kor sterk endringar i bytehøvet andsynes utlandet, i nettooverføringar av inntekt til utlandet og i nettonasjonalproduktet verka inn. For heile tidsrommet får ein då at forverringa av bytehøvet i årleg gjennomsnitt verka til å minke den disponible realinntekta med 2,4 prosent og overføringane med vel 0,2 prosent, medan veksten i nettonasjonalproduktet auka denne inntekta med 1,7 prosent (Nasjonalbudsjettet 1993, s. 151). Nettoverknaden vart såleis -0,9 prosent årleg eller om lag -6 prosent i alt for åra 1986-1992. Men årsakssamanhengane er meir innfløkte enn dette.

Særleg er det grunn til å sjå nærare på korfor veksten i nettonasjonalproduktet ikkje motverka forverringa av bytehøvet meir. Dette kan klårleggjast ved å analysere årsakene til at volumet av bruttonasjonalproduktet for Fastlands-Norge auka uvanleg lite. I 1986 var denne auken så høg som 3,4 prosent over året før, men for åra etter var gjennomsnittet av vekstratane -0,1 prosent. For åra 1986-1992 under eitt var gjennomsnittet 0,4 prosent mot 3,1 prosent for dei føregåande sju åra.

Verknadene av ulike faktorar som påverka veksten, er analyserte i dei neste tre bolkane. Deretter er spørsmålet reist om veksten vart som venta. Til slutt er det gjort ein freistnad på å vurdere den makroøkonomiske politikken.

Samkvemmet med utlandet

Forverringa av bytehøvet verka til å minke den disponible realinntekta i dei fleste av åra 1986-1992. I 1986

var verknaden ei minking på heile 10 prosent frå året før, først og fremst som følge av eit sterkt fall i kroneprisen på råolje. Berre i 1989 og 1990 var verknaden positiv. Dessutan førte forverringa til at den makroøkonomiske politikken måtte strammast til meir enn elles naudsynt. Tapet av vekst som følge av dette kan indirekte seiast å skrive seg frå bytehøvet.

Våren 1986 hadde konkurranseevna forverra seg gjennom fleire år. Konsumprisane var vel seks prosent høgare enn året før, medan prisstiginga i viktige konkurrentland hadde minka. I dei sju største OECD-landa var såleis konsumprisauken frå året før berre 2,5 prosent.

Den sterke forverringa av både bytehøvet og konkurranseevna bar i seg at eit stort driftsoverskott andsynes utlandet i 1985 ville bli avløyst av eit stort underskott i 1986. Det var difor ikkje merkeleg at spekulasjonar mot krona gjorde det vanskeleg å halde kronekursen oppe.

På den andre sida vart veksten fremja av ein internasjonal oppgangskonjunktur som varte til 1990, og som var særleg sterk i 1987 og 1988. Etter at eksporten utanom råolje og gass hadde gått ned frå 1985 til 1987 – særleg som følge av dårleg konkurranseevne og sterk vekst i innanlandsk ressursbruk som konkurrerte med eksport – gjekk denne delen av eksporten opp med vekstrater frå 3,4 prosent over året før i 1988 til heile 10,6 prosent i 1990. Konkurranseevna hadde då vorte betra frå og med 1989. Det internasjonale konjunkturromslaget i 1990 førte til at eksportveksten vart vesentleg mindre i 1991 og moderat i 1992. Likevel er det klårt at for åra 1986-1992 under eitt kan den veike veksten i fastlandsproduksjonen ikkje tilskrivas konjunkturutviklinga i utlandet.

Veik innanlandsk etterspurnad derimot hemma veksten i ein stor del av dette tidsromet. I kvart av åra 1987-1991 gjekk såleis innanlandsk bruk av varer og tenester ned frå året før; i 1988 og 1989 med kring 3 prosent. I 1992 auka bruken på ny, men ikkje meir enn 1,5 prosent.

Innanlandske impulsar

I somme av åra 1986-1992 vart den innanlandske ressursbruken påverka av to slag impulsar. Det eine slaget var meir eller mindre kraftige investeringsyklar, som byrja å stige i første halvparten av 1980-åra og som slo om i nedgang i 1986 eller seinare. Det andre slaget var ein særskild investeringsnedgang for oljeutvinning, elek-



Petter Jakob Bjerve vart cand. oecon 1941 og dr.philos ved universitetet i Oslo 1962.

Han var universitetsstipendiat ved universitetet i Oslo 1945-49, byråsjef i Finansdepartementet 1945-47, direktør i Statistisk Sentralbyrå 1949-1980, Visiting professor ved Stanford University 1954-55 og finansminister 1960-63. Han har vore rådgjevar i økonomiske og statistiske spørsmål i ei rekke utviklingsland.

trisitetsforsyning, raffineringindustri og etter 1988 for kommunal forvaltning. Begge slaga, og særleg nedgangen for dei kraftigaste investeringsyklane, forplanta seg gjennom økonomien slik at inntekter, privat konsum og nyinvestering vart samansnørte. Samansnøringa vart etter kvart forsterka av prisfall, særleg på varig realkapital, og av ei bankkrise som minska kredittgjevinga og verka med til at både foretak og konsumentar lei tap som atter minska ressursbruken deira.

Investeringsyklane hadde i høg grad opphav i ein kraftig kreditteksjon som følge av at det i 1983 vart lagt tak på korttidsrenta samstundes som dei direkte kredittreguleringane etter kvart vart avvikla. Bankane kunne då finansiere utlån til marknadsrente ved å ta opp billige korttidslån i Norges Bank, som på si side måtte auke utlåna sine så mye som naudsynt for at den politiske fastlagde korttidsrenta ikkje skulle stige. Denne kredittfinansierte investeringsauken var særleg sterk for fast eigedom og annan langvarig realkapital, som etter kvart steig meir og meir i pris. Mellom anna fordi eit framhald

av denne prisstiginga vart venta, gav bankane nye lån utan, eller utan stor nok pantetrygding. Slik vart det nærmast ein eksplosjon i både kreditten og realinvesteringane, som før eller seinare måtte slå om i fall.

For mange slag fast realkapital slo investeringsauken om i nedgang i 1986 eller 1987. For langvarig kapital varte nedgangen i mange år. Det gjaldt både investeringsar i somme slag produksjonskapital, som driftsbygg og fly, og i konsumkapital slik som bustader og bilar. For enkelte slag heldt nedgangen fram jamvel etter 1992. Nedgangsfasen for desse investeringsyklarane måtte bere i seg ein meir eller mindre sterk nedgang i den innanlandske ressursbruken.

For fleire slag langvarig realkapital vart investeringsnedgangen sjølvforsterkande som følge av prisfallet. Medan prisane på brukt realkapital av dette slaget stort sett steig berre til 1988, då ein sterk prisnedgang tok til, heldt prisane på tilsvarende nyproduserte kapitalgode fram å stige, om enn i mindre og mindre monn. Slik auka prisgapet mellom nye og brukte kapitalgode og hemma både nyinvesteringar (særleg i prosjekt som kravde bygg og anlegg) og omsetnaden av brukt realkapital. I 1992 var prisgapet stort sett vesentleg mindre enn i 1988, men framleis var det så stort at det på mange område hemma nyinvesteringar.

I Eika (1993) er det offentleggjort overslag over verk-

nadene på sysselsettinga av den særskilde investeringsnedgangen. Dette syner at i oljeutvinning verka investeringsnedgangen til at arbeidsløysa auka med mellom 0,5 og 0,7 prosentpoeng i åra 1989-1991. Investeringsnedgangen i elektrisitetsforsyning og raffineringsindustri verka til at arbeidsløysa auka med mellom 0,4 og 0,7 prosentpoeng i åra 1988-1991. Til saman svara verknadene for om lag halvparten av auken i arbeidsløyseprosenten for desse åra.

Tilsvarande overslag kan gjerast for verknadene på bruttonasjonalproduktet for Fastlands-Norge. Dette syner for dei tre sektorane til saman at impulsverknadene av den særskilde investeringsnedgangen utgjorde tilnærma ein tredjedel av det årlege tapet av økonomisk vekst som Fastlands-Norge hadde i åra 1988-1991 samanlikna med den gjennomsnittlege veksten i åra 1976-1988. Dei andre to tredjedelane må tilskrivast årsaker som til dømes den sykliske investeringsnedgangen og den makroøkonomiske politikken. Verknadene på sysselsettinga og produksjonen av nedgangsfasen for investeringsnyklane er det ikkje gjort overslag over, men slike overslag kunne òg vere opplyssande.

Makroøkonomisk politikk

I åra 1986-1988 verka den makroøkonomiske politikken på fleire måtar til å minke den innanlandske ressursbruken. Kroneverdet vart skriva ned med 10 prosent i mai 1986, med prisstigingar til følgje. Rentenivået vart heva og frå slutten av 1986 styrt så høgt som naudsynt for å halde valutakursane fast på nivået etter kronenedskrivninga. Finanspolitikken vart stramma til både for 1986, 1987 og 1988, mellom anna ved at rentefrådraget ved skattlegginga vart gradvis redusert slik at realrenta etter skatt auka meir enn realrenta før skatt. Til saman måtte verknadene av alt dette bli sterke.

Den nominelle renta gjekk opp frå 15,0 prosent i 1986 til 16,9 prosent i 1988. Då prisveksten gjennom året 1988 vart 3,3 prosent lågare enn i 1986, gjekk realrenta før skatt opp med over 5 prosentpoeng i tidsrommet 1986-1988. I åra 1989-1992 gjekk nominalrenta ned til 14,2 prosent, men då prisveksten samstundes vart vesentleg mindre verka realrenteauken truleg like sterkt til å minke den innanlandske ressursbruken som for den føregåande treårsperioden.

Den sterke oppgangen i realrenta kom nærmast som eit sjokk, som det tok tid å kome over. Så seint som i 1989 hadde det enno ikkje vorte klårt for dei fleste foretak og hushald kor store konsekvensar auken i realrenta før skatt burde få for investerings- og konsumtferda deira. På toppen av dette kom reduksjonane av rentefrådraget. Jamvel utan desse reduksjonane ville ressursbruken truleg ha minka, trass i den ekspansive finanspolitikken som då vart innleidd. Men oppgangen i realrenta etter skatt, i tillegg til realrenta før skatt, forsterka naturleg nok denne åtferda.

Auken i realrenta stimulerte mange hushald til å minke konsumet for å kunne betale av gjeld eller auke fordringane sine. Då dei yngre aldersgruppene i gjennomsnitt har nettogjeld og dei eldre nettofordringar, førte renteauken til at dei yngre minska konsumet meir enn dei eldre auka det, mellom anna fordi dei yngre i gjennomsnitt har høgare konsumrate enn dei eldre. Både hushald og foretak vart elles motiverte til å redusere investeringane i realkapital for å kunne investere med større forteneste i finanskapital. Slik verka renteutviklinga til å skape nedgang i både privat konsum og realinvestering.

Ein stor del av veksten i realinvesteringane gjennom 1980-åra fram til 1988 – og jamvel ein del av auken i det private konsumet i dette tidsrommet – vart lånefinansiert. Nedgangen i ressursbruken i åra etter har difor vorte tolka som konsekvens av ei gjeldskrise, dvs. at «behovet for å konsolidere gjeld» var drivkraft. Dette er misvisande. Det er ikkje behovet for, men etterspurnaden etter kreditt som kan vere drivkraft, og denne etterspurnaden er først og fremst avhengig av prisen på kreditt, nemleg renta. Hadde realrenta etter skatt halde seg like låg som då låna vart tekne opp i åra før 1986, ville tendensen til å betale av på gjeld ha vorte vesentleg mindre sterk. Det var såleis auken i realrenta etter skatt som motiverte mindre ressursbruk og dermed større gjeldsavbetaling, ikkje omvendt.

For 1987 og 1988 vart finanspolitikken stramma til med 2 prosent av bruttonasjonalproduktet (Nasjonalbudsjettet 1989, s.6). Tilstramminga verka til å minke den innanlandske ressursbruken, særleg det private konsumet, og forsterka såleis den nedgangen som renteutviklinga skapte. Ressursverknaden vart motsett i åra 1989-1992 etter at finanspolitikken var lagt om i ekspansiv lei. Omlegginga verka med til at det private konsumet steig frå og med 1990, men stogga ikkje nedgangen i privat realinvestering på fastlandet. Denne nedgangen heldt fram til og med 1992, trass i den ekspansive finanspolitikken.

For åra 1989-1992 under eitt auka det private konsumet med snautt 0,5 prosent i årleg gjennomsnitt. Den viktigaste årsaka til at auken ikkje vart sterkare, trass i ein ekspansiv finanspolitikk, var truleg den kraftige oppgangen i realrenta etter skatt i dette tidsrommet. Men nedgangsfasen av investeringssyklane for varig konsumkapital, og den formuesnedgangen som prisfallet på slik kapital førte med seg, spela nok òg ei vesentleg rolle.

Etter at LO, NHO og staten tidleg i 1988 slutta ei avtale om lønsmoderasjon samstundes som ei lov om inntektsregulering la tak på lønsauken, vart kostnadsauken vesentleg mindre. Frå våren 1987 til våren 1989 gjekk konsumprisindeksen opp med 6 prosent årleg, men frå våren 1989 til våren 1992 steig indeksen med snautt 4 prosent årleg. Dette skjedde truleg først og fremst fordi tilbodspress avløyste etterspurnadspresset for mange varer og tenester, men inntektspolitikken spela nok òg ei rolle.

Tilstramminga av både penge- og kredittpolitikken og

finanspolitikken i 1986-1988 og oppgangen i valutakursane førte til at importvolumet gjekk ned og importprisane opp både i 1987 og 1988. Samstundes steig eksportvolumet utanom råolje og gass i 1988 etter å ha gått ned i 1987. Dette skjedde mellom anna fordi både kronenedskivinga og inntektspolitikken auka konkurranseevna og verka til at underskottet på driftsrekneskapen andsynes utlandet gjekk ned frå det høge nivået på 33 milliardar kroner i 1986. I 1989 vart underskottet snudd til eit lite overskott, og for åra 1989-1992 til saman vart det eit overskott på vel 77 milliardar kroner, trass i ei forverring av bytehovet. Dei viktigaste årsakene til dette var nedgangen i innanlandsk ressursbruk, ei betring av konkurranseevna og auka oljeproduksjon.

Vart utviklinga som venta?

Overslaga i nasjonalbudsjetta for åra 1987-1992 over bruttonasjonalproduktet og bruken av det gjev uttrykk for kva verknader som vart venta av den makroøkonomiske politikken frå 1986 av. Ei samanlikning mellom desse overslaga og tilsvarende tal frå nasjonalrekneskapen kan syne i kva monn verknadene vart rett vurdert. Men det krev at årsakene til avvik blir klårlagda (Bjerve 1959, s. 51-54).

For 1987 vart auken frå året før i bruttonasjonalproduktet for Fastlands-Norge nøyaktig slik som budsjettert. For alle åra etter derimot vart auken mindre enn budsjettert. Desse avvika hang først og fremst saman med at den innanlandske bruken av varer og tenester vart mindre enn budsjettert.

For 1988 gjekk denne ressursbruken ned med heile 3,1 prosent medan det vart budsjettert ein oppgang på 1,2 prosent, dvs. eit avvik på 4,3 prosent. Eksporten utanom råolje og gass auka 5,5 prosentpoeng meir enn budsjettert. Omstillinga frå innanlandsk til utanlandsk bruk av norsk produksjon vart såleis betre enn venta. Det vart ikkje produksjonsutviklinga. Frå 1987 til 1988 gjekk bruttonasjonalproduktet for Fastlands-Norge ned med 1,7 prosent medan ein oppgang på 0,4 prosent var venta.

For åra 1989-1992 gjekk den innanlandske ressursbruken ned for alle åra med mellom 1,3 og 3,0 prosent meir enn budsjettert. Eksporten utanom råolje og gass auka meir enn budsjettert. For dette tidsrommet òg vart såleis omstillinga frå innanlandsk til utanlandsk bruk sterkare enn venta. Likevel gjekk bruttonasjonalproduktet for Fastlands-Norge i 1989 ned med 2,2 prosent frå året før, mot ein budsjettert nedgang på berre 0,2 prosent, og i 1991 ned med 0,6 prosent mot ein budsjettert oppgang på 2,2 prosent. For dei to andre åra gjekk bruttonasjonalproduktet opp, men noko mindre sterkt enn budsjettert.

Avvika mellom budsjettert og faktisk auke for den innanlandske ressursbruken gjaldt først og fremst bruttoinvestering og privat konsum. Mellom avvik for desse nasjonalbudsjettpostane rår det ein åtferdssamanheng slik at ei overvurdering av bruttoinvesteringane ber i seg

ei overvurdering av produksjons- og inntektsutviklinga og dermed av det private konsumet.

Overvurderinga av investeringane som skjedde for alle år i tidsrommet 1988-1992, så nær som for 1989, kan ha fleire årsaker. Den høge realrenta var ei ny røynsle som truleg førte til at den negative verknaden på investeringane vart undervurdert ved opplegget av den økonomiske politikken. Vidare vart nedgangsfasen for investeringssyklusane kan hende ikkje rekna med i det heile. Impulsverknaden av denne var vanskeleg å identifisere. Den negative verknaden på investeringane som prisskilnaden mellom ny og brukt realkapital fekk, vart nok òg undervurdert, særleg ved utarbeidinga av nasjonalbudsjetta for åra 1989-1992. Endeleg vart den særskilde impulsnedgangen for investeringane i oljeutvinning, elektrisitetsforsyning, raffinering og kommunal forvaltning berre delvis rekna med ved utarbeidinga av nasjonalbudsjettet.

Nedgangen i det private konsumet frå året før i tidsrommet 1987-1989 vart undervurdert og oppgangen i 1991 og 1992 vart overvurdert i nasjonalbudsjettet. Dette kom ikkje berre av dei tilsvarende avvika for bruttoinvesteringane. Konsumentreaksjonen på den sterke oppgangen i realrenta etter skatt og formuesnedgangen vart truleg òg undervurdert. Det er ikkje merkeleg då det tidlegare vart gjort røynsler berre med langt mindre realrenteoppingar. Den sykliske nedgangen for varig konsumkapital, først og fremst bustader, og formuesnedgangen som følgje av prispillet på slik kapital, verka dessutan inn. Det tok iallfall tid før dei negative verknadene av dette vart tekne tilstrekkeleg omsyn til ved budsjetteringa av det private konsumet.

Denne samanlikninga mellom nasjonalbudsjett og rekneskap syner at dei negative verknadene av den makroøkonomiske tilstramminga vart sterkare enn venta og at dei positive verknadene av den ekspansive budsjettpolitikken vart vesentleg mindre enn venta. Analysen av årsakene til desse avvika mellom budsjett og rekneskap kastar lys over korfor politikken ikkje lykkast så godt som vona.

Vurdering

Nedgangen i disponibel realinntekt i åra 1986-1992 skjedde først og fremst fordi bytehovet andsynes utlandet forverra seg sterkt og fordi produksjonen på fastlandet steig vesentleg mindre enn normalt. Hadde bruttonasjonalproduktet stege like sterkt som tidlegare i etterkrigstida, ville realinntekta ha gått opp trass i forverringa av bytehovet.

Tilstramminga av den makroøkonomiske politikken våren 1986 var utan tvil naudsynt. Den innanlandske bruken av varer og tenester hadde auka sterkare enn produksjonen slik at det vart kjøpepress innanlands og underskott i utanriksøkonomien. Eit drastisk fall i dollarprisen på råolje, forsterka av ein nedgang i dollarkursen, forverra bytehovet andsynes utlandet sterkt. Dette verka

både til å auke utanriksunderskottet og til å minske den disponible realinntekta for Norge. Dessutan var prisstiging framleis høg, trass i ein nedgang tidlegare i 1980-åra, og lønsglidinga var uvanleg stor. Konkurransesevna hadde gjennom mange år vorte stendig dårlegare.

Styresmaktene var klår over at ei kombinert tilstramming av penge- og kredittpolitikken og finanspolitikken ville gå ut over veksten i Fastlands-Norge. Det kjem tydeleg fram i nasjonalbudsjetta for 1987-1989. Tilstramminga vart likevel karakterisert som ei «gradvis bremsing» (Bjerve 1989, s. 134). Kritikarar hevda at ei «brå bremsing» ville ha vore betre. Snautt nokon tilrådde mildare bremsiltak. Det var såleis ikkje berre styresmaktene som undervurderte det sterke negative utslaget. Elles var det eit hell at tilstramminga skjedde under ein internasjonal oppgangskonjunktur. Så heldig var ikkje dei landa som måtte gjennomføre ei tilstramming i 1990-åra.

Når den ekspansive politikken vart for veik, kom det delvis av at førebels nasjonalrekneskap for både 1988 og 1989 synte for liten nedgang i bruttonasjonalproduktet. Då finanspolitikken for 1989 vart utforma hausten 1988, vart det rekna med 0,2 prosent nedgang i bruttonasjonalproduktet for dette året. Det var regjeringa tilfreds med. I Nasjonalbudsjettet 1989, som då vart lagt fram, heiter det at det «beholdes om lag samme stramhet i 1989 som i innværende år» (s.6). Det var først etter at talet på registrerte arbeidslause gjekk kraftig opp i slutten av 1988 at finanspolitikken vart lagt om i ekspansiv lei. (I november 1988 var talet nesten tre gonger større enn i same månad året før.) I stortingsmeldinga om Revidert nasjonalbudsjett, som vart lagt fram våren 1989, heiter det at «I 1989 vil finanspolitikken isolert sett bidra til å øke den innenlandske etterspørsel med knapt 1 1/2 prosent av BNP» (s.8). Hadde regjeringa alt hausten 1988 visst kor sterk nedgangen i bruttonasjonalprodukt for Fastlands-Norge verkeleg kom til å bli ifrå 1987 til 1988, nemleg 1,7 prosent, ville denne omlegginga av finanspolitikken i ekspansiv lei truleg ha vorte gjennomført alt då. Eit misvisande førebels overslag i nasjonalrekneskapen førte såleis til at tilstramminga heldt fram eit halvt år for lenge. Dessutan førte det truleg til at doseringa av den ekspansive finanspolitikken for 1989 vart veikare enn om den verkelege nedgangen i bruttonasjonalproduktet frå 1987 til 1988 hadde vore kjent. Det same gjeld finanspolitikken for 1990. Då denne vart utforma hausten 1989, vart det rekna med for liten nedgang i bruttonasjonalproduktet frå 1988 til 1989 òg, nemleg berre 0,2 prosent. Hadde den verkelege nedgangen på 2,2 prosent vore kjent, ville truleg finanspolitikken for 1990 ha vorte tilsvarande meir ekspansiv. Det er med andre ord grunn til å tru at dei for låge første overslaga over nedgangen frå året før i nasjonalproduktet for 1988 og 1989 førte til ein mindre ekspansiv finanspolitikk enn elles ville ha vorte tilfelle.

Under den internasjonale oppgangskonjunktura fram til 1990 gjekk rentenivået i utlandet opp, og etter omsla-

get nedover heldt Tyskland rentenivået i Europa oppe for å motverke den ekspansive budsjettpolitikken som regjeringa førte etter samanslåinga av Aust- og Vest-Tyskland. Difor vart det norske rentenivået òg halde oppe, trass i at ei kraftig rentesenking var ønskeleg som supplement til, eller eventuelt som alternativ til, den ekspansive finanspolitikken.

Gjennom åra 1989-1992 vart prisstiging stendig mindre, og i 1992 steig konsumprisindeksen med berre 2,3 prosent over året før. Samstundes vart det for alle åra overskott i utanriksøkonomien, og stendig meir produksjonskapasitet og arbeidskraft vart utnytta. (Sysselsettinga gjekk ned og talet på arbeidssøklarar steig med 20 000 i dette tidsromet.) Norge kunne difor ha hatt sterkare vekst og høgare sysselsetting utan fåre for utanriksøkonomien og for vesentleg sterkare prisstiging. Men for å få til det måtte ei så sterk rentesenking ha vorte gjennomført at nedgangen i realinvesteringane hadde snudd til ein oppgang. I staden vart tvert imot realrenta etter skatt auka ved reduksjonar av rentefrådraget. Denne strukturpolitisk motiverte rådgjerda vart såleis gjennomført i eit tidsrom då ei senking av realrenta etter skatt var ønskeleg. Frådragsreduksjonen kunne iallfall ha vorte utsett til stoda vart slik at etterspurnaden auka for sterkt og at ein renteauke ville ha vore realøkonomisk ønskeleg. Ei anna strukturendring i skattepolitikken, nemleg utvidinga av skattegrunnlaget for arbeidsgjevaravgifta i 1988, vart òg gjennomført på eit konjunkturpolitisk uheldig tidspunkt. Denne utvidinga gjorde arbeidskrafta dyrare og difor mindre etterspurd. Eit tredje strukturpolitisk motivert tiltak, som forsterka bankkrisa og konsekvensane av denne, var innføringa av strengare krav til eigenkapitalen i bankane. Denne reforma kunne like eins ha vorte utsett.

Ein nedgang i realrenta før skatt – i staden for den auken vi faktisk fekk som følge av mindre prisvekst – var vanskeleg å få til med den fastkurspolitikken som vart ført heilt fram til slutten av 1992. Det var iallfall umogleg å gjennomføre ein kraftig nedgang så lenge som det vart halde fast på denne politikken. På kort sikt hadde styresmaktene såleis berre eit einaste verkemiddel til å stimulere etterspurnaden, nemleg finanspolitikken, og denne var uskikka til å fremje auka investering i fast realkapital. Somme har hevda at finanspolitikken heller ikkje på lengre sikt kan nyttast som middel til å stimulere sysselsettinga.

Slik den økonomiske stoda var først på 1989, kunne ei kraftig rentesenking ha motverka den sykliske nedgangen i investeringane og stimulert til nyinvesteringar som indirekte ville ha auka det private konsumet òg. Men å gå bort frå fastkurspolitikken var det då ikkje tale om. Tvertimot vart svingningane i kronekursen kring sentralverdet minskt til eit minimum ved at Norges Bank kjøpte og selde valuta for å få det til. Offentleg kritikk av denne politikken vart nærmast sett på som illojal, fordi spekulasjonar mot krona kunne bli stimulert.

Følgjene av forverringa av bytehøvet og dei innanlandske problema som landet stod framfor våren 1986, var ikkje lett å hanskast med. Men ved ei mildare tilstramming kunne produksjonsnedgangen på fastlandet i 1988 og 1989 ha vorte mindre. Ved ein mindre fastlåst valutakurspolitikk i åra 1989-1992, kunne styresmaktene ha kombinert ein ekspansiv penge- og kredittpolitikk med ein mindre ekspansiv finanspolitikk enn den som vart ført, slik at investeringane og den økonomiske veksten i dette tidsrommet hadde vorte sterkare. På det viset kunne ein kan hende ha unngått nedgang i disponibel realinntekt for Norge, og i staden fått sterk nok vekst i nettonasjonalproduktet til å gje ein viss oppgang. Men fastkurspolitikken vart til hinder for det. Denne politikken fastla i røynda eit golv for rentenivået, tilsvarande det rentetakket som fekk så alvorlege følgjer i 1980-åra.

Begge hindra på fleire vis ei rasjonell utnytting av ressursane til investeringsformål og rentegolvvet gjorde det dessutan umogleg å minske arbeidsløysa.

REFERANSAR:

- Bjerve, Petter Jakob: Planning in Norway 1947-1956. North Holland Publishing Company. Amsterdam 1959.
- Bjerve, Petter Jakob: Strategiar for den økonomiske politikken i etterkrigstida, i «Menneske i sentrum». Festskrift til Helga Seips 70-årsdag. Tano 1989.
- Eika, Torbjørn: Faktorer bak økningen i arbeidsledigheten for 1988-1991. Økonomiske analyser nr. 2-1993.

NOTE:

- ¹ Takk til Odd Aukrust, Ådne Cappelen og Torbjørn Eika for mange gode råd